

Når begge foreldrene ikkje bur saman med barnet sitt/barna sine.

Når foreldre ikkje bur saman, vil samveret med barnet/barna vere ordna og organisert på mange ulike vis. Nokre foreldre har delt omsorg, og i andre tilfelle har den eine forelder den daglege omsorga, medan den andre forelder har fast samver. Det kan og vere tilfelle der barnet ikkje har fast kontakt med den andre forelder.

I dei tilfella der ein av foreldra har den daglege omsorga, pliktar ikkje skulen å gje informasjon til den andre forelder. Det er likevel ikkje noko i vegen for at vi gjer dette, om det er ynskjeleg.

I dei tilfelle der foreldra har delt omsorg, vil det vere naturleg at skulen sender informasjon til begge partar. Dette vil vere informasjon om utviklingsamtaler, arrangement, rutinar etc.

De vert kalla inn til utviklingsamtaler for barnet dykkar to gonger kvart skuleår. Dersom det er særskilt ynskje om at foreldre har samtaler kvar for seg, vil vi vere opne for dette.

Sidan variasjonane er store, og vi ikkje veit korleis de har ordna dykk, ber vi dykk om å orientere skulen om korleis de ynskjer at kontakten mellom heim og skule skal fungere.

Namn på eleven: _____

- *Vi har delt omsorg, og ynskjer å få same informasjon til begge partar. Vi ynskjer berre ein utviklingsamtale.*
- *Vi har delt omsorg, og ynskjer å få same informasjon til begge partar. Vi ynskjer ein utviklingssamtale for kvar forelder.*
- *Eg har dagleg omsorg, men ynskjer at _____ får informasjon frå skulen på lik linje med meg.*
(oppge i så fall adresse og telefonnummer dersom dette er naudsynt)

Holmedal montessoriskule, 08.08.2014

Oddveig Lyngstad (rektor)